

NR. 5

MAI 1985

18. ÅRG.

Pinsesalme


Av Liv Nordhaug

Mel.: Den blomstertid nå kommer.

Vi løfter våre hender
og ber om Åndens vår.
Vi lenges når vi kjenner
hvor vinterkulden rår.
Gud, la din kraft få virke.
Gi kjærighetens glød.
Forny igjen vår kirke.
Se til oss i vår nød.

La Helligånden tenne
din menighet i brann,
så tvilere kan kjenne
hva Himmelkraften kan.
La søkerne som strever
få se at du er til.
Ja, vis oss at du lever.
Gud, gi oss av din ild.

Ved døpefontens kilde
ble Åden oss til del.
Så skulle intet skille
fra graven full og hel.
Men vi gikk egne veier.
Vi fant den sprukne bron.
Forny det folk du eier.
Gud, hør vår pinsebønn.



PINSE: KYRKJA VART TIL

Med kyrkja har Gud gjeve oss ein møteplass der han har sagt at han er. Og der vi skal finna hjelp til tru og liv i dag og i all æva. Med kyrkja og Anden er Gud kome til oss. Plasert inn i vårt nærmiljø. I glede og sorg, kvardag og fest, skal ho vera det som byggjer ei bru mellom oss og Gud. Det kan me på nytt gle oss over i pinsehøgtida: Gud er nær!

GOD PINSE

Pinse fordi Gud vil vera nær!

Me feirar jul saman. Det er lett å feira jul. For jula er ei glad fest til minne om at Gud sende Jesus til jord. Englane sang: «Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda mellom menneske som Gud har hugnad i!»

Me feirar påske saman - også påsken til minne om Jesus. Til minne om at han døydde på ein kross. No står pinsehelga for døra. Også pinse skulle vera for Jesus!

Jul - fødsel, Påske - kross, Pinse skulle den kanskje vera den store sorgens dag?

Nei - for me har pinse forat vitnemalet om Jesu oppstoda og Guds opne himmel stadig skal vera levande mellom oss.

Me får alle brev. Me veit: Somme brev er kjedelege - det ser me alt før me opnar dei: Trykksaker/massekrossband - utan namn og adresse, sendt rundt i von om å nå einkvan.

Andre er meir spennande: Direkte til oss, det kan vera frå menneske som står oss nær, menneske me er glade i. Det kan vera noko som gjeld framtidia vår.

Slik også med pinse: Det er Gud som gjerne vil koma oss nær gjennom sin Heilage Ande. Det er Gud som gjerne vil hjelpe oss gjennom livet på veg mot det gode målet han har sett for oss.

Det er Gud som gjerne vil «kviskra oss nokre ord i øyra» om livet vårt, hjelpe oss også der.

Det er Gud som vil sei oss at han treng oss i ei vond og vanskeleg verd, her heime eller i ei tenesta ute på misjonsmarka. Det er Gud som vil vera nær med ny kraft til den som kjenner seg sliten og tøyyt.


Ordet seier: «I det høge og heilage bur eg og hjå den som er knust og nedbøygd i ånda. Eg vekkjer ånda til liv hjå dei bøyde og hjarta til liv hjå dei knuste» (Ez. 37:15)

Det er ein bodskap som gjeld oss - Gud vil vera nær i dag og! God pinse.



Asgeir Straume

Velkommen til **KONFIRMASJON**



Vil du vera konfirmant neste år?

Då må du merkja deg dagane for pamelding, som vert no før sommarferien.

I haust vil vi — som ei prøveordning — tilby eit noko annleis undervisningstilbod ved sida av det vanlege konfirmantopplegget, **konfirmant-leirskule**.

Dei som blir med på dette, skal ikkje møta til dei vanlege undervisningstimane, men konsentrerer i staden undervisninga til to langhelgar på ein leirstad: 11.-14. oktober -85 (haustferien) og 8.-10. mars -86 (skulefri måndagen). Dei andre konfirmantsamværa (grupper, gudstenester o.a.) er for alle konfirmantane.

Til leirskule-alternativet kan vi ta imot ca. 25 deltagarar. Dersom det melder seg fleire, vert det loddrekning om kven som får vera med. To kameratar/veninner som gjerne vil reisa på leir saman, kan melda frå om det.

Innmelding til konfirmasjonstida går føre seg desse stadene:

Garnes Ungdomsskule tysdag 11. juni

Indre Arna, kapellet v/kyrkja: onsdag 12. juni

Ådnamarka skule: torsdag 13. juni

Lone skule: torsdag 13. juni

Ytre Arna, kyrkjelydshuset: torsdag 20. juni

ALLE STADER: Gutar kl. 17.00, jenter kl. 18.00.

Dei som ikkje er døypte i Arna, tar med dåpsattest. Vel møtt!

Helsing
kateketen

GUDSTENESTE FOR ELDRE

Ytre Arna


Vi inviterer dei eldre i kyrkjelyden til gudsteneste

SØNDAG 2. JUNI KL. 11.00

Det vil bli sytt for skyss til og frå kyrkja — også for dei som brukar rullestol. Dei eldre som treng skyss kan ringe til kyrkjemkontoret tlf. 24 85 46 eller Rakland tlf. 24 80 86.

VELKOMEN

DIKONIUTVALGET I ARNA



Barneside

STOR ER DU, HERRE, MIN GUD

«Du lar gresset gro for dyrene og for menneskene vekster som de kan dyrke.» Salmene 104, v. 14.


Nå, om våren, blir vi minnet om at dette er sant. Gresset og vekster gror fram. Våren er en herlig tid, våren gjør oss glade. Nå er tiden da naturen liksom tar fram sine høytidsklær for å vise oss hvor fin den er.

Hjem gjør dette, og hvem tenker på

dyrene og menneskene? Hjem gir gress og planter liv?


Leser vi mer i Salmene 104, ser vi at det er Gud Herren.

«Herre hvor mange dine gjerninger er! Og alle har du gjort med visdom, jorden er full av det du har skapt.» V. 24.



NY KONKURRANSE

Sjå på bileta nedanfor. Sett forbokstavane på dei ulike tinga inn på riktig tal i rutene. Sa får du vite kva pinse er.



Løysing av oppgåve i nr. 4: David.

Vinnar vart Trond Minde, 5233 Haukeland.

Om du vil vera med i loddtrekninga om ein kassett, må vi ha svar frå deg før 1. juni. Du kan levera løysinga i kyrkjene, på prestekontora eller senda dei til: Kyrkjelydsblad for Arna, Peter Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna.



KORT SAGT

-Om Konfirmasjonsdagen

Lynintervju med André Opdal.

Kva forventningar hadde du til konfirmasjonsdagen?

- At det skulle bli ein fin dag i kyrkja og saman med familien heime.

Vart forventningane infridde?

- Ja, det var kjekt å vere saman med familie og venner. Dessutan vart det mykje fotografering med meg i sentrum.

Føler du at du er vaksen no?

- Nei, det har vel ikkje skjedd no-ko spesiell endring på det feltet.

Kva fekk du i gaver?

- Eg fekk klokke og lommekalkulator og eit smykke. Dessutan fekk eg mykje penger.

Kva synes du om tida før konfirmasjonsdagen?

- Det har vore ei fin tid. Eg har vore med på konfirmantklubben på Annekset på Seim og det var artig.

Synes du det er for mange konfirmantar?

- På konfirmasjonsdagen verkar det litt masse-prega, men i timane var vi passeleg mange, slik at ein blei skikeleg kjent.

Årsfest for Arna Kyrkjelyd

Kyrkjelyden i Arna har årsfest 12. april i Arna Bedehus, og det var god oppslutnad både av unge og eldre medlemmer i kyrkjelyden.

Res.kap. i Eidsvåg, Øystein Skauge var kveldens talar og han hadde fått emnet: «Guds kyrkjelyd - Guds familie». Både kyrkjekoret og Ten Sing deltok med fin song som gledde tilhøyrrarane.

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram og kunne syna til ein omfattande aktivitet i kyrkjelyden. Mellom anna er det no kome god fart i arbeidet med å få reisa kyrkjelydshuset i Arna.



Anne Britt Frøyen Res.kap. i Eidsvåg,
Øystein Skauge
leda festen.

Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

ARNA:

Arna sokneråd
Boks 11
5260 Indre Arna

Kyrkjelydshus i Arna
Vollavegen 45B
5260 Indre Arna

Bank:
8440.31.05006
Post: 5779798

Bank:
8440.21.04243
Post: 3498995

YTRE ARNA:

Ytre Arna sokneråd
P. Jebsensv. 39
5265 Ytre Arna


Bank:
8440.39.50000
Post: 5935499

Bank:
3633.30.02625
Post: 5935499

Bank:
3633.50.75093
Post: 5265 Ytre Arna

Om nokon vil gje ei gâve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

Kyrkjelydshus i Arna



Det er lenge sidan ein tok til med arbeidet for å byggja kyrkjelydshus i Arna. Likevel er det først dei siste åra at ein har kome i gang med konkrete planar kring tomt, teikningar og finansieringsspørsmål.

Trongen for eit kyrkjelydshus i Arna har auka med tida, ikkje minst på grunn av stor folketilvekst dei seinare åra.

Med ein stor vekst trengs det også fleire miljøskapande tiltak. Dette er eit felles ansvar som ein ikkje på noko måte kan sjå bort frå. Det vedkjem oss som kyrkjelyd og som privatpersonar.

Miljø vert stort sett skapt ved samvær i ei eller anna form. Det kan vera idrettslag, husmorlag, sangkor, speidararbeid o.s.b.

Samstundes er dei fleste ibuarane i Arna medlemmar i Arna Kyrkjelyd. Sjølv om vi er engasjerte i mange ulike samanhengar, ynskjer vi at så mange som mogeleg, skal kjenna kyrkjelydshuset som sitt eige. Vi vil derfor invitera til å vera med å byggja eit hus der alle er velkomne.

Eit hus for alle

Vi har snakka med ein som er aktivt med i arbeidet med å reisa huset, Erling Osland, formann i økonominemnda.

Kva innhald skal kyrkjelydshuset få?

— Eit eldresenter må vera eit av dei første tiltaka vi må satse på når huset står der. Vi meiner at plannøysinga for huset tek omsyn til denne type arbeid.

Vidare meiner vi at barne- og ungdomsarbeidet må bli prioritert. Vi veit kor viktig det er å ha eit godt ungdomsmiljø. Mange foreldre går med otte for at borna deira skal verta påverka av nedbrytande krefter i tida, og vi må derfor vera med å skapa eit miljøtilbod som alle kan vera trygge på.

Vi meiner og at kyrkja sin plass som kulturberar må takast vare på. Og vi må framleis vera med å arbeida for å fremje god kultur. Det treng ikkje vere nokon motsetnad mellom film, teater og kunst av ulike slag og kristen tru.

Tvert om, det gjeld å bruka det rett.

Vi må ta på alvor det ansvar vi har for å demme opp mot mykje av det nedbrytande vi blir utsett for gjennom masemedia.

Kven skal få bruka kyrkjelyds-huset?

— Kyrkjelydshuset er sjølv sagt eit hus for alt arbeid som vert drive i kyrkjelyden, men vi vil at det skal vera ope for alle.

Har ein ikkje nok forsamlingslo-kaler i Arna?

— Vi veit at ein del organisasjonar har eige hus, likeeins at det er starta bygging av idrettshall på Gernes, men vi trur likevel det er behov for kyrkjelydshus i Arna.

Mange lag og organisasjonar i Arna har ikkje nokon stad å vere og vi vil at kyrkjelydshuset skal vere med å fylle trongen for tenlege lokaler i Arna.

Lokale kunstnarar har eit udekka behov for å kunne vise sine arbeid i sitt eige lokal-miljø og vi vonar at slike utstillingar også vil koma i kyrkjelydshuset.

Vi vil ynskje alle lag og organisasjonar velkomne til å bruka kyrkjelydshuset, det gjeld både humanitære og politiske organisasjonar.

Romprogram

I første høgda blir det ein forsamlingssal på 185 m². Her skal det bli plass til omlag 200 mennesker. I samband med denne salen blir det også et stort kjøkken.

Vi vonar at både sal og kjøkken kan få ein allsidig bruk. I tillegg til fester og møter kan den også brukast ved bryllup og gravferd o.l.

I kjellarhøgda har vi ei stor peise-stove og eit ungdoms- og aktivitetsrom.

På loftet er det planlagt grupperom til mindre samlinger.

Både i kjeller og i hovedetasje er det garderobe og toalettanlegg. Toalett for handikappede blir det også i begge etasjer.

Økonomi

Innsamlinga til kyrkjelydshuset har gått føre seg ei tid og fleire framstøt har vore gjort. Hittil er det samla inn omlag 350.000 kroner, men det trengs framleis mykje meir. Vi ber derfor alle i kyrkjelyden om å støtte

bygginga av huset med pengar og arbeid.

Korleis kan folk gje pengar til kyrkjelydshuset?

— Ein kan gje pengar på fleire måtar:

Gjennom Vestlandsbanken i Arna har ein fått ei gunstig låneordning. Her kan enkeltpersonar låna pengar i banken for å gje pengane til kyrkjelydshuset. På denne måten kan ein gje ein større sum til kyrkjelydshuset og fordela betalinga utover i tid.

Ein kan og gje ei pengegåve på den bankgiro-blanketten som er vedlagt i dette bladet til alle i Arna Sokn. Dersom ein vil nytta post-giro, kan ein finna postgiro-nummer ein annan stad i bladet.

Grunnforholda for kyrkjelydshuset er undersøkt og ekspertane har meddelt soknerådet at det er gode grunnforhold på staden. Byggemelding er også sendt. Dersom mange tek denne oppfordringa om å delta på alvor, kan det bli byggestart om ikkje så altfor lenge.



Økonominemnda for kyrkjelydshuset: Frå venstre: Jostein Monstad, Bjørg Hellesøy, Atle Vie, Anna Pettersen, Olav Hovden, Erling Osland og Øyvind Øy.

NYTT I FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 31.03: Rebekka Bjørneberg Castro, Vivian Moen, Maria Kollstrøm Johnsen, Christer Erdal Foldnes.
 07.04: Mia Mari Nøkling, Henrik Hirth, Yngve Romslo Kleppe, Alexander Eri.
 07.04: Eirik Bakke. Døypt i Trysil kirke.
 14.04: Bjarte Christensen.
 21.04: Kim Erik Haukeland. Døypt i Birkeland kirke.
 24.04: Heidi Rosseland i Eidsvåg
 12.05: Tommy Rong
 19.05: Stian Alexander Persson.

Ytre Arna sokn

- 14.04: Therese Skogly.

† Døde

Arna sokn:

- 27.03: Gurid Ingebrigtsen, f. 1895
 30.03: Olina Mjeldheim, f. 1898
 31.03: Svanhild Kronen, f. 1902
 31.03: Berger Takvam, f. 1902
 08.04: Solfrid Gunnlaug Herland, f. 1936
 21.04: Laura Gundersen, f. 1890
 24.04: Reidar Emil Korsvold f. 1923
 25.04: Olav Gjerald f. 1928
 30.04: Magnus Haugsvær f. 1899
 06.05: Alf Kleiveland f. 1916
 08.05: Toralv Eikeland f. 1909

Ytre Arna sokn:

- 30.03: John Stamneshagen, f. 1908
 31.03: Sigvald T. Valestrand, f. 1906
 13.04: Harald Olav Øiestad, f. 1945
 06.05: Nils Jensen Mæhle f. 1907

27.04: Svein Erik Jensen og Tordis Margrethe Bøe.

Ytre Arna sokn:

- 04.05: Rolf Atle Berg og Kjersti Helen Mjøs.

Ofringane i Kyrkjelydane

Arna sokn:

- 31.03: Kyrkjelydhuset kr. 1.160,-
 04.04: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1.108,-
 07.04: Den Norske Sjømannsmisjon kr. 2.722,-
 08.04: Kyrkjelydshuset kr. 764,-
 14.04: Hjemmenes Dåpsring kr. 1.601,-
 21.04: Blå Kors kr. 871,-
 28.04: Kyrkjelydsarbeidet kr. 5.306,-
 05.05: Kyrkjelydsarbeidet kr. 5.657,-
 12.05: Dronning Mauds Minne kr. 1.258,-

Ytre Arna sokn:

- 7.4: Den norske Sjømannsmisjon kr. 1.241,-
 14.4: Den norske Israelsmisjon kr. 934,-
 21.4: Hjemmenes dåpsring kr. 681,-
 01.5: Kristne arbeideres forbund kr. 561,-
 05.5: Kyrkjelydsarbeidet kr. 3.168,-
 12.5: Diakoniutvalget kr. 596,-

Presten har ordet



Pinse peikar på kyrkja

Pinsedagen vart den første kristne kyrkjelyden grunnlagd. Og i den tredje trusartikkelen seier vi: «Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag ullmenn kyrkje. Det vil seia at kyrkja er ein reiskap Anden brukar for å gjera si gjerning. Og Andens gjerning er å kalla til tru, halda fast i trua og gje evig liv, for med få ord å ta med litt av forklaringa til trusartikkelen. Og til denne gjerninga brukar Anden nådemidla: Guds ord, døpen og nattverden.

At kyrkja er heilag vil ikkje seja at ho er feilfri og fullkommen i alt. Der kan nok vera ting å kritisera. Men trass i at ikkje alltid alt er fullkome i det ytre, møter me Gud der, og det er det som gjer kyrkja heilag. Det er altså ikkje den ytre organisasjonen det er tale om, men at det er ein møteplass mellom oss og Gud. Og mange gonger har det vist seg at Gud også kan bruka det som synest lite og veikt.

Samstundes er det ei allmenn kyrkje. Det tyder at kyrkja er for alle. Her har ingen privilegiar og her skal ingen diskriminerast. Alle skal ha same sjanse og innbyding til å møta Gud. I dette ligg det ei stor utfordring: Menneske som vil møta Gud skal også kjenna seg velkomne dit. Det er ei oppgåve for alle å vera med på å skapa eit slikt fellesskap. Men samstundes skal ein og vita at ein er like velkommen om ein ikkje kjenner det slik. Menneske har stundom stått i vegen for at andre kunne koma til tru, og det vert oftare brukt som orsaking for ikkje å tru.

Lat ikkje andre øydeleggja Guds gâve til deg. Andens gjerning er å skapa ei kyrkje som er allmenn, og der er du velkommen!

Møte

Arna bedehus:

- 27.5: Møte kl. 19.00
 2.6: Møte kl. 19.00 v/ Øyvind Øy. Musikklaget syng.
 6.6: Eldresamvær kl. 17.00
 9.6: Møte kl. 19.00 v/Generalsekr. Ole Abel Sveen. Musikklaget syng.
 12.6: Møte kl. 19.30 v/kristenrussen
 16.6: Møte kl. 19.00

Betania, Lone:

- 23.5: Møte v/NLM
 27.5: Møte v/NLM
 30.5: BUF
 1.6: Laurdagssamling
 2.6: Yngressstemne
 6.6: Møte v/Indremisjonen
 9.6: Møte v/Indremisjonen
 13.6: Nattverdmøte
 16.6: Møte v/Santalmisjonen
 23.6: Jonsokafta Y-ungdom
 27.6: Møte v/Indremisjonen
 30.6: Møte v/Indremisjonen

Ytre Arna Bedehus:

- 29.5: Møte v/Santalmisjonsn kl. 19.30. Trond Strømme vert med.
 11.6: Møte kl. 19.30 v/Kristenrussen.






Dersom du ynskjer brosjyre eller meir/anna informasjon, så skriv til:



OASE DAGAR Frekhaug
Boks 101
5110 Frekhaug

Konfirmasjon i Arna

28. april og
5 mai 1985



Konfirmasjon i Ytre Arna



I år var det 35 konfirmanter i Ytre Arna og dei blei konfirmert 5. mai. konfirmantane blei delt i to grupper, slik at det også i år var to gudstene-ster.



Konfirmantfest i Ytre Arna

Soknerådet i Ytre Arna skipa til fest for konfirmantane i Ytre Arna 7. mai.

Praktisk tala alle konfirmantane deltok på festen der også foreldre og andre i familien var med. På programmet var det både andakt og underhaldning. Dessutan deltok Ytre Arna Ten Sing sitt «husorkester» og Ungdomskor og gledde forsamlingsa med eit variert program. Sjølvsagt var det servering også Hot-Dogs og brus til konfirmantane og smørbrød og kaffi til foreldra. Alt i alt ein fin fest for både unge og eldre.

Konfirmantaksjon i Ytre Arna

Også i år har konfirmantane i Ytre Arna hatt ein aksjon i samband med avslutninga på konfirmasjons-tida.

Årets aksjon var lagt opp som eit kakelotteri der inntekta skulle gå til å løna helsearbeidarar på eit misjons-prosjekt for Den Norske Santalmisjonen.

Ottar Hope frå Espeland er lege på prosjektet som er lokalisert til Sylhet-provinsen i Bangladesh.

Konfirmantane som var ansvarlege for prosjektet skaffa kaker og alle konfirmantane selde lodd. Tilsaman blei det seld lodd for kroner 4.490. Dette er eit flott resultat og pengane rekk til å løna ein og ein halv helsearbeidar i eit år.

Helsearbeidaren blir opplært av misjonen g seinare arbeider dei i team og driv helseopplæring m.m.



Frå v.: Mette Kristin Hernes, Hege Berland, Åse Vivian Nordøen, Ørjan Hinna, Lena Skadal, Lars Magnus Rolland, Harald Sundsbø.

Emil Dalseth

— Kyrkjegardsarbeidar i 25 år i Arna — no pensjonist

Frå 1. mai i år er Emil Dalseth pensjonist. I vel 25 år har han vore tilsynsmann for kyrkjegardane i Arna, og på ei samkome med representantar frå kommunen, kyrkjegardsarbeidarane og prestane i Arna, fekk han mange gode ord og takk for arbeidet sitt i denne tida. Kyrkjegardane er fint haldne, og det er mykje arbeid som ligg bak. Han er og godt kjend i Arna med den kontakt han har hatt gjennom arbeidet sitt i desse åra.

Vi tok og ein liten prat med Emil Dalseth i samband med dette, og han kunne fortelja at etter gartnarutdanning, fleire stillingar som gartner, og kyrkjegardsarbeidar i Nordfjord-eid, kom han til Arna i 1960.

Han er frå Naustdal i Nordfjord, men det var her i Arna han hadde den lengste arbeids-tida si og det er også her han vert buande som pensjonist.

— Har det endra seg noko i ditt arbeid desse 25 åra?

— Ja, arbeidstilhøva er vortne betre. Då eg tok til i 1960 var eg åleine med ansvar for kyrkjegardane ved Arna kyrkje og Takkvam. Då måtte eg ha kontoret heime, men seinare har det fått plass i bårehuset ved kyrkja.

Frå 1972 har det og vore fleire tilsette ved kyrkjegardane. I tillegg har vi no og fått Mjeldheim gravplass, og sidan den er teken i bruk, er det kome nesten 300 graver der.

— Du har vel og i ditt arbeid merka at det har vore tilflytting til Arna?

— Ja, då eg tok til her i 1960 var det rundt 30 gravferder i året, medan vi no dei siste åra har hatt rundt 70 kvart år.

Ellers synest eg folk er svært flinke til å stella gravene. Det er fint for oss som arbeider der å sjå. Til julehøgtida t.d. er det vel nesten ingen som ikkje har pynta gravene dei steller.


— Men de har og ansvaret for å stella ein del graver?

— Ja, det er ei ordning med at fok kan betala ei avgift til kommunen slik at gravene blir stelt. Då er det vi som ordnar med planting o.l.

Det er mange som synest det er ei god ordning for dei. Om ein vil vita meir om det, kan ein ta kontakt med Kyrkjegardskontoret, tlf. 24 05 69.

— Sidan det no er 40-års jubileum for frigjeringa, kan eg jo og nemna at det er vi som plantar ved minnestøtta over dei falne i krigen og dei 4 enkeltgravene for dei falne. På kyrkjegarden er det også graver for 5 russarar, som miste livet i Arna under krigen, og også desse gravene er det vi som plantar på.

Og vi ynskjer Emil Dalseth ei god tid som pensjonist.



Kristenrussprosjekt: BILVERKSTAD I BHUTAN

Møte i Ytre Arna: 11.6 og Arna 12.6.

Det utgikk melding fra Santalmisjonen om at Hordaland kristenruss samler inn penger til bilverksted ved Risørbo sykehus i Bhutan. Og alle norske hjerter i Tordenlandet gleder seg.

Vi har hverken tog, båt eller fly å ty til i Øst-Bhutan. Derimot finnes hester, både apostlenes og andre hester. Noen strategiske bilveier er bygget i årene etter 1960, slik at enkelte strekninger kan vi rulle langs. Og det forenkler jo kommunikasjon og transport ganske betraktelig.

Men hva gjør en langt opp i fjellene - østenfor sol og vestenfor måne så å si - når biler går i stykker og nye deler er mangelvare? Vi er mange etterhvert som har stått fortapt langs veien, i timer og i dager fordi vogna brøt sammen. Ingen Falken eller Viking å ringe til, ei heller noe verksted i hundrevis av kilometers omkrets. Situasjoner som kunne ha vært avverget om vi bare hadde hatt mulighet for å ha skikkelig vedlikehold og service av våre kjøretøy.

Bhutan - også kalt tordenlandet - er inneklemt mellom gigantnasjonene India og Kina. Det er et jordbruksamfunn som først nylig har begynt å bevege seg fra middelalder til det 20. århundre.

Men landets myndigheter har innsett sine begrensninger og invitert utenlandske organisasjoner til å bistå med utvikling av samfunnet på de fleste områder, bl.a helsesektoren. Det er her at norsk misjon kommer inn i bildet. Vi har fått stå i en slik sammenheng siden 1967, og det er helt klart at både lokalbefolkning og helsemyndigheter har fått økende grad av tillit til det arbeidet som gjøres.

Misjon er å bringe budskapet om Jesus Kristus til alle folkeslag. Også i Bhutan har mennesker hørt Ordet.

og i enkeltes hjerter har det slått rot. Arna-folk, vær med og be om at disse få kristne blir bevart i troen og kan få nye med seg på veien.

«UNDERVEIS» på video

Arna kyrkjelyd har no fått TV-programma «Underveis» på videokassettar. Grupper som er interesserte i å låna desse, kan kontakta kateketen.

HJELLE'S
bakeri og konditori
ESPELAND
Telefon 24 01 30

SEIMSMARK - telefon 24 05 71
MANNSVÆRK - telefon 28 07 34
YTRE ARNA - telefon 24 88 30

TIL HVERDAG OG FEST
HJELLE's HJEMMEBAKST SMAKER BEST

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland
5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjartelegr velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna


**ESPELAND
GARTNERI**
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866
**SPAREBANKEN
VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



**Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler**

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

**Velkommen til vår
bensinstasjon!**

**Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad**
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40





Velkommen til kyrkje

- 26/5 Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Trengereid kl. 18.00 Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd.
- 27/5 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 2.P.dag Takkoffer til Modum Bad.
- 2/6 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kristenrussen. Søndagsskule.
Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste.
- Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Eldre er spesielt inviterte.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Soknemøte med val av nominasjonsnemnd for valliste til soknerådsvalet.
- 9/5 Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Misjon bak jerntrøppet.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.
- 16/6 Arna kl. 11.00 Prost Johs. Valle. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/ sokneprest Øy. Takkoffer til Kristenrussen.
- 23/6 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Takkoffer til Samemisjonen.
Trengereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.

SØNDAG ER KYRKJEDAG

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.
Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30,-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.